

Fra: Knut Inge Andersen (knia@equinor.com)

Sendt: 22.09.2020 05:58:12

Til: Politisk

Kopi: Bertil Søfteland

Emne: Interpellasjon til fylkestinget : Ny E16 - no

Vedlegg:

Under er interpellasjon til fylkestinget 29.9. Vi ber politisk sekretariat om at denne blir lagt ut på vlfk.no samstundes med dei politiske sakspapira.

Mange takk, helsing Knut Inge A.

E16 mellom Arna og Voss blei i 2018 kåra til Norges verste veg. Den er også av mange rekna som den viktigaste transportkorridoren mellom aust og vest.

Den rasutsatte strekninga til Voss har i årevis vore brei semje frå skiftande regjeringar å ville gjere noko med. I juli kom imidlertid nyheita om at Vegvesenet planlegg å utsetje oppstart av prosjektet med to år.

Etter første handsaming av NTP-høyring i fylkesutvalet i mai vart det lagt opp til ei klår prioritering av E16/K5, medan Hordfast på det næraste var skriven ut av NTP-lista til Vestland. Fleire kommunar i Sunnhordland melde då at dei ville vurdere ein overgang til Rogaland om ikkje Hordfast vart prioritert opp.

– Det er ingen som døyr av å ta ferje, men det døyr faktisk folk på E16. E16 er for oss det desidert viktigaste prosjektet, fortalde Jan Ove Halsøy, regionsjef i Norges Lastebileier-Forbund (NLF) til NRK allereie i februar.

I juni gav Vestland fylkesting sine endelege innspel til arbeidet med Nasjonal Transportplan. Ferjefri E39 (i praksis Hordfast) og E16 vart då begge lyfte fram som prioriterte prosjekt frå fylket. Men med ein merkelapp på 35-40 milliardar kroner for Hordfast, vil det vere meir enn tvilsamt om ein kan realisere begge prosjekta samstundes innanfor dei økonomiske rammene til NTP.

Spørsmål til fylkesordføraren :

På bakteppe av den seinaste utviklinga når det gjeld E16-framdriftsplan, ser fylkesordføraren det som uheldig at fylkestinget i juni ikkje greidde å levere ei tydelegare melding når det gjeld rangering av viktigheit mellom dei to største NTP-prosjekta i Vestland?

Framlegg til uttale frå Vestland fylkesting

Vestland fylkesting set liv og helse framfor ferjefri E39. E16/K5 – no - er og blir det viktigaste NTP-prosjektet å få realisert i vårt fylke.

Knut Inge Andersen

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar (FNB)

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you